



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 28.03.2019
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 09:00 - 17:30

Kl. 09:00 Nordhordlandspakken
ca.kl. 09:45 styringsgruppe temaplan for VVA
ca.kl. 11:30 ordinært formannskapsmøte

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Ordfører
Odd Leif Mjøs	KRF	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Anna K.Valle	SP	Medlem
Jarle Vassdal	SP	Medlem
Bjarte Vatnøy	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Leif Hosøy Sleire	KRF	Medlem
Dag Hugaas	AP	Medlem
May Eva Sandvik	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Asle Hetlebakke	KRF gjekk under sak 28/19	Leif Hosøy Sleire
Ståle Juvik Hauge	AP gjekk under sak 28/19	Dag Hugaas
Karl Vågstøl	H	May Eva Sandvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Reidun Sæbdal-einingsleiar, Line Merethe Valle-eigedomssjef, Tanja Hoel-næringssjef og Tove Mette Fyllingen-sekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
018/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/19	Godkjenning av møteprotokoll
020/19	Serveringsbevilling - Damas & Syriske delikatesser AS
021/19	Årsrapport 2018 - kontroll av sal- og skjenkebevillingar
022/19	Årsrapport 2018 - tilsyn sal av tobakksvarer
023/19	Revidert Skisseprosjekt og romprogram Hall Ostereidet (562782)
024/19	Justering av selskapsavtale og stiftingsdokument for Bergen og Omland Havn IKS.
025/19	Prinsipielle avklaringar for etablering av Mongstad Kai AS
026/19	Strategidiskusjon - Lindås sjøsluser
027/19	Godkjenning av avtale om tenestetilbod – Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt
028/19	Melding/orientering til formannskapet 28.03.2019

018/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

28.03.2019 FORMANNSKAPET

Sak 27/19 vart handsama etter sak 19/19. Ellers ingen merknader, samrøystes.

FO - 018/19 VEDTAK:

Innkalling og sakliste er godkjent

019/19: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

28.03.2019 Formannskapet

Ingen merknader, samrøystes.

FO - 019/19 VEDTAK:

Møteprotokollen er godkjent

020/19: Serveringsbevilling - Damas & Syriske delikatesser AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Serveringløyve blir innvilga etter serveringslova til:

Løyvehavar: Damas & Syriske delikatesser org.nr 922 330 212
Serveringstad: Restaurant Knarvik senter, Kvernhusaugene 29
Eigar og dagleg leiar Ayham Layous f. 10.06.97

28.03.2019 Formannskapet

Bjarte Vatnøy - Frp stilde spørsmål ved habilitet, som medeigar i bygget der søkar er leigetakar. Formannskapet gjorde samrøystes vedtak om at B.Vatnøy er inhabil i denne saka. Han deltok difor ikkje under handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 020/19 VEDTAK:

Serveringløyve blir innvilga etter serveringslova til:

Løyvehavar: Damas & Syriske delikatesser org.nr 922 330 212
Serveringstad: Restaurant Knarvik senter, Kvernhusaugene 29
Eigar og dagleg leiar Ayham Layous f. 10.06.97

021/19: Årsrapport 2018 - kontroll av sal- og skjenkebevillingar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Årsrapport 2018 - kontroll av sal- og skjenkebevillingar tas til orientering.

28.03.2019 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 021/19 VEDTAK:

Årsrapport 2018 - kontroll av sal- og skjenkebevillingar tas til orientering.

022/19: Årsrapport 2018 - tilsyn sal av tobakksvarer

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Årsrapport 2018 - tilsyn sal av tobakksvarer tas til orientering.

28.03.2019 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 022/19 VEDTAK:

Årsrapport 2018 - tilsyn sal av tobakksvarer tas til orientering.

023/19: Revidert Skisseprosjekt og romprogram Hall Ostereidet (562782)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Rådmannen legg fram ulike alternativ til løysing for hall Ostereidet, jfr. vedtak i formannskapet 14.02.19 (sak 4/19)

Val av endeleg alternativ vil vere grunnlag for eit nytt rom- og funksjonsprogram og skisseprosjekt.

25.03.2019 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Orientering til saka v/Line Valle-einingsleiar Eigedom

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF - 012/19 UTTALE:

Ingen merknader.

28.03.2019 Formannskapet

Orientering ved eigedomssjef Line Merethe Valle.

Fellesframlegg:

1. Kommunestyret vedtek å gå vidare med alternativet handball-hall på Kollen med (brutto) kostnadsramme 81 mill.
2. Kommunestyret gjer endeleg vedtalk etter anbod er komen inn og leverandør er valgt.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FO - 023/19 INNSTILLING:

1. Kommunestyret vedtek å gå vidare med alternativet handball-hall på Kollen med (brutto) kostnadsramme 81 mill.
2. Kommunestyret gjer endeleg vedtalk etter anbod er komen inn og leverandør er valgt.

024/19: Justering av selskapsavtale og stiftingsdokument for Bergen og Omland Havn IKS.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret vedtek dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet §§1, 3 og 10, herunder at namnet på BOH IKS blir endra til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BOF IKS), og at selskapet får høve til å ta opp lån på inntil 15 mill. kroner.
- I medhald av Havne- og farvannslova av 17.04.2009 nr. 19, §10, delegeres med dette Lindås kommune sin mynde etter Havne- og farvannslova og bestemmelser gitt i medhald av denne lov, til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, med verknad frå 01.05.2019.

28.03.2019 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 024/19 INNSTILLING:

- Kommunestyret vedtek dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet §§1, 3 og 10, herunder at namnet på BOH IKS blir endra til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BOF IKS), og at selskapet får høve til å ta opp lån på inntil 15 mill. kroner.
 - I medhald av Havne- og farvannslova av 17.04.2009 nr. 19, §10, delegeres med dette Lindås kommune sin mynde etter Havne- og farvannslova og bestemmelser gitt i medhald av denne lov, til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, med verknad frå 01.05.2019.
-

025/19: Prinsipielle avklaringar for etablering av Mongstad Kai AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret vedtek prinsipp for etablering av Mongstad Kai AS slik det blir lagt fram i saksutgreiinga.

28.03.2019 Formannskapet

Fellesframlegg:

Formannskapet tek saka til orientering og bed om at det vert lagt fram ei ny sak til neste møte i formannskapet i mai basert på dei prinsippa som er lagt fram i pkt 1 og 2, men at det vert arbeidd vidare med pkt 3 vedkomande takst/verdisetting og tolking av overdraging mm i henhold til intensjonsavtalen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - 025/19 VEDTAK:

Formannskapet tek saka til orientering og bed om at det vert lagt fram ei ny sak til neste møte i formannskapet i mai basert på dei prinsippa som er lagt fram i pkt 1 og 2, men at det vert arbeidd vidare med pkt 3 vedkomande takst/verdisetting og tolking av overdraging mm i henhold til intensjonsavtalen.

026/19: Strategidiskusjon - Lindås sjøsluser

Rådmannen legg fram saka til diskusjon direkte i møtet

28.03.2019 Formannskapet

Orientering ved ass.rådmann Hogne Haugsdal.

Framlegg:

1. Formannskapet bed rådmannen leggje fram ei sak med kortsiktig tiltak til ekstramøte i formannskapet 04.04.2019.
2. Formannskapet anbefaler at strategi for Lindås slusene vert tatt vidare i Alver kommunestyre.

Punkt 1 i framlegget vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (B.Vatnøy-Frp)

FO - 026/19 VEDTAK:

1. Formannskapet bed rådmannen leggje fram ei sak med kortsiktig tiltak til ekstramøte i formannskapet 04.04.2019.
2. Formannskapet anbefaler at strategi for Lindås slusene vert tatt vidare i Alver kommunestyre.

027/19: Godkjenning av avtale om tenestetilbod – Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret godkjenner avtalen om tenestetilbod mellom Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

28.03.2019 Formannskapet

Orientering ved lensmann Kjell-Idar Vangberg.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 027/19 INNSTILLING:

Kommunestyret godkjenner avtalen om tenestetilbod mellom Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

028/19: Melding/orientering til formannskapet 28.03.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

28.03.2019 Formannskapet

Orienteringar:

- Søknad om støtte til jubileumsfeiring, Eikanger-Bjørsvik Musikklag (sjå vedlegg)

Framlegg: Lindås kommune løyvar kr. 70.000,-i jubileumsgåve til Eikanger-Bjørsvik Musikklag.

Midlane vert tekne frå disposisjonsfondet.

Lindås kommune legg til grunn at den planlagte lokale konserten skal vera gratis for publikum.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

- Investeringar ved eigedomssjef Line Merethe Valle
- Knarvik utvikling
- Utbygging breidband og fiber

Formannskapet ber om sak til neste møte, mobil/breiband/fiber i resterande "kvite flekkar" i kommunen.

- Retningslinjer for ferie og ferie reiser for mottakarar av helse og omsorgstjenester .

Framlegg: Formannskapet bed om sak til neste møte kommunalt jf.Bergen kommune ansatt ledsager på feriereiser for personer med store bistandsbehov

FO - 028/19 VEDTAK:

Meldinga vert teke til orientering.

- Lindås kommune løyvar kr. 70.000,-i jubileumsgåve til Eikanger-Bjørsvik Musikklag. Midlane vert tekne frå disposisjonsfondet. Lindås kommune legg til grunn at den planlagte lokale konserten skal vera gratis for publikum.
 - Formannskapet ber om sak til neste møte, mobil/breiband/fiber i resterande "kvite flekkar" i kommunen.
 - Formannskapet bed om sak til neste møte kommunalt jf.Bergen kommune ansatt ledsager på feriereiser for personer med store bistandsbehov.
-